

#fordi det
angår deg



#di meining
tel også

Ver med å byggje framtid for di kommune! Mobilisering for lokaldemokratiet

Onsdag 25. april ønskjer STAD 2020 velkomen til avspark og felles dugnad for framtidens lokaldemokrati

Å utvikle og styrkje lokaldemokratiet er ein viktig målsetnad for alle kommunar.

Vi ønskjer å gje innbyggjarane gode moglegheiter for demokratisk deltaking - men skal vi lukkast med å skape eit sterkt lokaldemokrati må vi saman med innbyggjarane ta ansvar for at det skjer! Eit demokratisk og rettferdig samfunn føreset engasjerte innbyggjarar som aktivt deltek i viktige politiske avgjersler. Kjem rekruttering til og motivasjon for politikk i ubalanse, vert lokaldemokratiet svekka.

Stad 2020 ønskjer å invitere alle i Eid/Selje og våre nabokommunar til eit avspark for framtidens lokaldemokrati, der vi i fellesskap drøftar kva som skal til for å få opp engasjementet for politisk deltaking.

Det vert innlegg, betraktningar og diskusjonar med forskar ved Rokkansenteret Bjarte Folkestad, Fylkesmann Anne Karin Hamre, rikspolitikar Hadja Tajik og lokalpolitikarar frå Nordfjord.

Hovudtema for paneldebatten vert: "På tide å kvinne seg opp. - Korleis få betre kjønnsbalanse i folkevalde demokratiske organ?" Debatten vert leia av prosjektleiar og rådmann for nye Stad kommune Åslaug Krogsæter.

I etterkant av arrangementet i salen vert det «politisk kafé» i foajeen på Operahuset frå kl 20-21.30 med høve til å bli kjende på tvers av politiske parti, på tvers av kommunegrensar – og gje deg som innbyggjar nærmare informasjon om korleis du kan vere med å byggje framtid for di kommune!

Velkomen til avspark for eit sterkare lokaldemokrati!
#fordidetangårdeg #dimeiningtelogså

www.stad2020.no



Ope møte
OPERAHUSET
NORDFJORD
25. april kl 18.00

STAD20²⁰
Eid og Selje i ny kommune